



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
92/19	Komité for plan og utvikling	03.12.2019
55/19	Kommunestyret	12.12.2019

Detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 560 Kolltveit - Sund grense Slutthandsaming. Tiltakshavar: Fjell kommune

Samandrag av saka:

Fjell og Sund kommunar har i nært samarbeid med Statens vegvesen utarbeida framlegg til detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 560 (tidlegare fv 555) mellom Kolltveit og Vorland i Sund. Denne saka omhandlar den delen av strekninga som ligg i Fjell kommune.

Reguleringsplanen inngår i delprosjekt 2 i Sotrasambandet; fastlandssambandet Sotra – Bergen og det nord-sørgående sambandet på Sotra.

Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for strekninga Kolltveit-Austefjorden vart vedteken 26.11.2009 i Fjell og 13.04.2010 i Sund kommune. Framlegget til detaljregulering tek utgangspunkt i trasévalet i kommunedelplanen med føresegnar og retningslinjer.

Planframlegget legg opp til ei fullverdig trafikk-løysning på strekninga. Planen legg til rette for etablering av ny trasé for fylkesvegen, der gamal trasé vert omgjort til lokalveg avlastingsveg. Veggen er om lag 15 kilometer lang og har 4 tunnelar og 7 bruer. Av dette ligg omlag 9 km i Fjell kommune. Planen vert lagt fram som detaljreguleringsplan utan krav om konsekvensutgreiing.

Utover veg- og trafikkmål for køyrande tek planen omsyn til gang- og sykkeltrafikk, samt legg til rette for samfunnsøkonomisk god arealbruk, bustad- og næringsutvikling.

Planarbeidet har vore omfattande og tildels komplisert. Dokumentasjonen av planarbeidet er også omfattande, og inneheld ei rekkje rapportar, grunnlagsdokument av ulikt slag, eit omfattande kartmateriale, lengdeprofil m.v. Dette har vore grunnlaget for dei tre hovuddokumentane som den politiske handsaminga primært er knytt til; reguleringskarta, planføresegnene og planskildringa.

Planen har lege til offentleg høyring i perioden 14.12.2018 – 1.2.2019. Det kom inn ei rad private merknader til planframlegget og åtte offentleg instansar gav attendemelding. Det har også vore gjennomført ei avgrensa varslings av dei mest

omfattande endringane som er gjort i planframlegget etter offentlig ettersyn. I samband med denne varslinga kom det inn to merknader.

Det er ikkje sett fram motsegn mot planen.

Dei innkomne merknadene er gjennomgått og er samla i matrise, der ein har referert og gjeve kommentarar til innhaldet i kvar uttale. Mange av merknadene inneheld framlegg til endringar. Enkelte er av generell karakter, mens dei fleste er presise og konkrete. Rådmannen har, i samråd med vegvesenet, imøtekome nokre av dei.

Hovudmålet med planframlegget er å få ei rask, effektiv og trafikksikker trafikkbane frå Sund til Kolltveit, vidare nordover og til Bergen. Dei samfunnsmessige fordelane ved å få ein ny veg av god standard, samt ringverknadene det kan få for næringsaktivitet og attraktivitet for busetting vert vurdert som større enn dei negative konsekvensane av planframlegget. Større negative konsekvensar er avgrensa ved avbøtande tiltak.

Reguleringsplanlegginga har vore komplisert og tildels krevjande. Rådmannen er nøgd med planarbeidet og det positive engasjementet som har vore vist frå alle dei kommunen har samarbeidd med og dei som har gjeve uttale, og det planproduktet som no vert lagt fram til slutthandsaming.

Rådmannen har på dette grunnlaget ikkje særlege merknader til planen og rår til at han vert godkjent med dei endringar som går fram av saksutgreiinga.

Innstilling:

Komité for plan og utvikling tilrår:

I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 560 Kolltveit - Sund grense, med plankart revidert 22.11.2019, føresegner revidert 22.11.2019 og planomtale sist revidert 22.22.2019.

Straume, den 25.11.2019

Steinar Nesse
Rådmann

Hanna Gjesdal
Plan- og utbyggingssjef

Handsama i Komité for plan og utvikling - 03.12.2019:

Representanten Kjell Rune Garlid, SL ba komiteen vurdere om han er ugild sidan han eig ei lita tomt i planområdet. Komiteen konkluderte med at han er ugild og Kjersti Turøy, SL kom til møtet som vararepresentant.

Sjefsingeniør Einar Lunde presenterte planen.

Framlegg frå Kjersti Turøy, SL:

Arbeidet med tunell bak Fjell gard skal prioriterast. Ei førebels løysing med tunell gjennom Krossleitet på Fjell gard vert teken ut av reguleringsplanen.

Innstillinga fekk 8 røyster og vart vedteken.
Framlegget frå Kjersti Turøy fekk ei røyst (SL).

Tilråding i Komité for plan og utvikling - 03.12.2019:

Komité for plan og utvikling tilrår:

I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 560 Kolltveit - Sund grense, med plankart revidert 22.11.2019, føresegner revidert 22.11.2019 og planomtale sist revidert 22.11.2019.

Handsama i Kommunestyret - 12.12.2019:

Representanten Kjell Rune Garlid, SL ba kommunestyret vurdere om han er ugild sidan han eig ei tomt i planområdet. Kommunestyret konkluderte med at han er ugild og Elna Nybakk, SL kom til møtet som vararepresentant.

Framlegg om tilleggspunkt frå Svein Bergh, SL:
Arbeidet med tunell bak Fjell gard skal prioriterast.

-

Tilråding frå komite for plan og utbygging vart **vedteke med 33** mot **2 røyster** (mindretal SV og MDG).

Framlegg om tilleggspunkt frå SL vart samrøystes vedteke.

Desse hadde ordet i saka: Henning Ekerhovd, Andreas Sjalg Unneland, Svein Bergh, Helena Morland Hansen og Daniel Victor Sandvik

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2019:

1. I medhald av plan- og bygningslova §12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 560 Kolltveit - Sund grense, med plankart revidert 22.11.2019, føresegner revidert 22.11.2019 og planomtale sist revidert 22.11.2019.
2. Arbeidet med tunell bak Fjell gard skal prioriterast.

Dokument vedlagt saka:

- Reguleringsføresegner, revidert 22.11.2019
- Felles planskildring for Fjell og Sund, revidert 22.11.2019
- ROS-analyse datert 05.01.18
- Matrise med samandrag av merknader og uttaler med kommentarar
- Innkomne merknader og uttaler

Dokument som ligg på følgjande lenker:

- Plankart i målestokk 1:1000 delt inn i 19 kartblad for Fjell kommune, alle datert 22.11.2019

<https://www.fjell.kommune.no/globalassets/dokumenter/politikkinnsynognaering/ekstramotedokument/kpu/2019-12-03/fv560-reguleringsplankart--niva2-pa-bakken.pdf>

<https://www.fjell.kommune.no/globalassets/dokumenter/politikkinnsynognaering/ekstramotedokument/kpu/2019-12-03/fv560-reguleringsplankart--niva1-under-bakken.pdf>

Ikkje trykte dokument:

Rapportar/tekniske dokument som ligg til grunn for planframlegget

1. Delrapport for vegstandard, datert 15.12.17
2. Kapasitetsvurdering for fv 560 Kolltveit-Austefjorden, datert 30.10.17
3. fv 560 Kolltveit - Austefjorden standard- og trasévalg for reguleringsplan (SVV), datert 14.12.15
4. Forprosjekt bru over Dalavågen, datert 22.09.17
5. fv 560 Kolltveit - Vorland, konstruksjoner, datert 11.01.18
6. Ingeniørgeologisk rapport, datert 16.01.18
7. Samlerapport steinprøver
8. Fv560_Kolltveit - Austefjorden Grunnundersøkelser og geotekniske vurderinger, datert 23.06.16
9. Rettleiar for utforming og materialbruk, datert 11.04.18
10. Vannhåndtering, vegvann, tunnel og deponi, datert 13.04.18
11. Avrenningslinjer og kritiske punkt Kolltveit - Vorland, datert 05.01.18
12. Avrenningslinjer og kritiske punkt Kolltveit - Vorland Vedlegg
13. Kulturhistoriske registreringar, Hordaland fylkeskommune, rapport 29 2018
14. Planskildring vedlegg Naturtypeskildringar
15. Temarapport støy, datert 19.01.18
16. Notat luftkvalitet, datert 12.09.17
17. Notat avklaringer fv. 560. Tunnel bak Fjell sentrum mot Fjell festning som kulturminne og objekt generelt, datert 04.04.18
18. Fråsegner og merknader Fråsegner og merknader
19. Krossleitet, datert 30.06.16
20. Krossleitet kostnadsestimat Dagalternativ
21. Krossleitet kostnadsestimat Tunnelalternativ
22. Tellnes - Dalavågen. datert 23.05.16

Saksopplysningar:

Fjell og Sund kommunar har i nært samarbeid med Statens vegvesen utarbeida framlegg til detaljreguleringsplan for ny fylkesveg 560 (tidlegare fv555) mellom Kolltveit og Vorland i Sund. Denne saka handlar om den delen av planen som ligg i Fjell kommune, med plankarta 1-6 (vertikalnivå 1, under grunnen) og plankarta 1-13 (vertikalnivå 2, på grunnen).

Reguleringsplanen inngår i delprosjekt 2 i Sotrasambandet; fastlandssambandet Sotra – Bergen og det nord-sørgåande sambandet på Sotra.

Bakgrunn for planarbeidet

Fjell kommune sin del av Kommunedelplan for Sotrasambandet delprosjekt 2, fv. 560 Kolltveit – Austefjorden vart vedteken av kommunestyret hausten 2009. Detaljreguleringsplan er utarbeida med grunnlag i traséval som vart gjort i kommunedelplanen og med dei måla som er vedteke i denne planen. Målsettinga for planarbeidet har vore følgjande:

Hovudmål:

- *Det skal utviklast eit nytt samband mellom Kolltveitskiftet og Austeffjorden som skal sikra gode og effektive kommunikasjonstilhøve for område på søre Sotra til transportknutepunkt for sentralt hovudvegnett, stamvegnett, jernbane, sjø- og lufttransport.*

Det nye sambandet skal sikre langsiktige gode kommunikasjonstilhøve som legg eit godt grunnlag for vidare vekst og verdiskaping lokalt og som sikrar langsiktige og gode kommunikasjonstilhøve mellom kommunane Sund, Fjell og Øygarden samstundes som det sikrar god tilknytning til fastlandsambandet mot Bergen.



Delmål:

- *Sparte transportkostnader for busette og næringsliv*
- *God linjeføring*
- *Minst muleg negative konsekvensar for natur og miljø*
- *Færre trafikkulykker*
- *Størst muleg avlastning av eksisterande veg*
- *Betra nærmiljø langs eksisterande veg (luft/støy)*
- *Tryggare gang- og sykkeltrafikk*
- *Leggja til rette for samfunnsøkonomisk god arealbruk, bustad- og næringsutvikling*

Vedtak og føringar for planlegginga

Planframlegget er basert på kommunedelplanen som kommunestyret i Fjell vedtok i 2009, med naudsynte endringar og tilpassingar som ei meir detaljert planform gjev høve til.

Framtidig vegtrasé for ny fv 560 er vist i arealdelen til kommuneplanen for både Fjell og Sund kommunar.



Figur: Utsnitt av arealdelen av kommuneplanen for Fjell kommune.

Figur: Kartutsnitt som viser regulert veglinje i Fjell (raud strek) samanlikna med planlagt veglinje i kommuneplanen (lilla stipla linje).

Planprosess.

Oppstart av planarbeidet vart varsla hausten 2015. Grunneigarar, naboar som er part i saka og offentlege mynde vart varsla per brev. Varslinga vart gjort for heile delprosjekt 2 samstundes. Det er seinare varsla utviding av planområdet i to omgangar. Totalt mottok ein 26 innspel i denne runden.

Planarbeidet har også vore presentert for politikarane ved fleire høve. Det har også halde møte med politisk leiing for prinsipielle avklaringar.


Planen har lege ute til offentlig ettersyn og har vore presentert og drøfta i regionalt planforum.

Val av vegstandard

Vegstandarden er basert på berekna trafikkmengde for år 2050, etter nytt Sotrasamband (delprosjekt 1 – ny Sotrabru) har vore på plass i fleire år. Vegane er i hovudsak prosjektert etter Statens Vegvesen sine handbøker N100 Veg- og gateutforming og N500 Tunneler m. fleire.


Veg i dagen vert planlagd med følgjande standard:

- På strekninga mellom kryss med rv 560 på Kolltveit og kryssområdet i Blommen viser prognosene ei framtidig trafikkmengde på 15500 ÅDT, noko som krev firefeltsveg, og det er difor planlagt veg etter H7-standard (anna hovudveg med midtdelar og 80km/t).



Figur: Normalprofil for dimensjoneringsklasse H7. Kjelde: Handbok N100, Statens vegvesen

- På strekninga Bildøybakken – Trengereid/Kallestad og Skogsvåg – Vorland (ÅDT 6200 – 8700), er vegen planlagt med tverrprofil (bredder) frå H5 standard med fysisk midtdeler og geometrikrav frå H4 standard.



Figur: Normalprofil for dimensjoneringsklasse H5. Kjelde: Handbok N100, Statens vegvesen

- På strekninga Trengereid – Skogsvåg, Skogsskiftet (ÅDT 7800), er det planlagt med gatestandard med tre kjørefelt og trafikkdelar.

- Strekninga Fjell tettstad til Krossleitet har standard vegklasse H1 med tverrprofil 8,5 meter på ny strekning, og standard etter vegklasse U-Hø1 der ein følgjer dagens veg (tverrprofil 8,5 meter også her).

Det er søkt å gje mest mogleg eins utforming av dei ulike vegkomponentane langs strekninga for å unngå for mange skifte undervegs.

Det er 2 tunnelar på strekninga Kolltveit – Skogsskiftet:

- Bak Fjell gard ca. 2,8 km (ÅDT 8700). Tunnelprofil T10,5 og rømningstunnel T5,5.
- Ved motorcrossbana ca. 0,3 km (ÅDT 7800). Tunnelprofil T12,5.

I tillegg er det ein tunnel på strekninga frå Fjell gard forbi Krossleitet, ca. 0,5 km. Tunnelprofil T10,5.

Det er lagt opp til ei fartsgrense på hovudstrekninga på 80 km/t, unnateke forbi Skogsskiftet der det vert gatestandard og 50km/t, og på sidevegen mot Fjell der det vert dimensjonert for 60km/t.

Det er planlagt fleire kryss. Kryssområda er viktige med tanke på framtidig risikobilete. I nord (Blommen) der trafikken er størst er det planlagt planskilt kryss. Dei andre kryssa er planlagt som kanaliserte T-kryss eller rundkjøringar.

Byggjetrinn

Gjennom arbeidet med planen har prosjektgruppa kome fram til følgjande forslag til foreløpige byggjetrinn:

- Kolltveit – avkj. Fjell festning
- Avkj. Fjell festning – Tellnes
- Tellnes – Skogsskiftet sør (Skogsvåg)
- Skogsskiftet sør – Vorland
- Krossleitet (mellombels utbetring av fv 560 fram til realisering av byggjetrinn Kolltveit – avkj. Fjell festning)

Planen er uavhengig av desse byggetrinna, rekkefølge og inndeling av byggjetrinn kan gjerast på eit seinare tidspunkt når finansiering føreligg.

Kostnader

Det er utført kostnadsestimat (anslag 2018) for Kolltveit – Vorland og Krossleitet. Anslaget for Kolltveit – Vorland er vidare oppdelt i byggjetrinn. Sjå tabell under.

Strekning/byggjetrinn	Forventa kostnad
Kolltveit – Vorland, full utbygging med lang tunnel bak Fjell gard	3 339 millionar
Ny veg over Krossleitet (tunnel)	245 millionar
Byggjetrinn	
Kolltveit – avkj. Fjell festning	1 398 millionar
Avkj. Fjell festning – Tellnes	347 millionar
Tellnes – Skogsskiftet sør	1 098 millionar
Skogsskiftet sør – Vorland	571 millionar
Samla byggjetrinn: Kolltveit - Vorland	3 415 millionar

Tabell: Forventa kostnad (P50) for bygging av ulike vegstandardar (2018)

Ved oppdeling i byggjetrinn får ein noko auka kostnader til opp og nedrigging av anlegga og kostnader knytt til mellombelse vegar og omleggingar.

Konsekvensutgreiing

Utgreiingsplikta er ivareteken gjennom konsekvensutgreiing utført i samband med kommunedelplan for Sotrasambandet, Delprosjekt 2, Rv 560 Kolltveitskiftet – Austefjorden i 2008. Vedtaket av KDP har vore førande for reguleringsplanarbeidet.

Reguleringsplanen er i samsvar med overordna plan og er difor ikkje konsekvensutgreidd etter plan- og bygningslova §4-2 og forskrift om konsekvensutgreiing. For nokre fagtema har det vore naudsynt med ei supplering av kunnskap, og vurdering om der har skjedd ei endring av konsekvensar. Dette gjeld særleg natur- og kulturtema.

Fråvik

Fråvik frå kommunedelplan (KDP) Sotrasambandet, Fv 560 Kolltveit – Austefjorden


- KDP førestter 2-feltsveg. Nye trafikkprognoser tilseier 4 felt mellom Kolltveit og Blommen.
- Linjeføringa til vegen er stort sett den same som i kommunedelplanen frå 2009, men med mindre avvik.
- Den største endringa i planforslaget samanlikna med KDP er ved Tellnes der veglinja går på austsida av Tellnes skule i staden for på vestsida som i kommunedelplanen frå 2009. Denne planen har gått vidare med ei austre linje, med bakgrunn i at denne gjev minst konsekvensar for Tellnes skule og Tellnes næringspark. I tillegg vert linjeføringa for vegen betre og vegsystemet forbi Tellnes enklare. Dette er eit avvik frå linje vist i KDP, men ligg innfor korridoren som er omfatta av konsekvensutgreiinga.
- Det har vore drøfta om ny fv. 560 skulle følgja dagens veg forbi Skogsskiftet: (konsept blanda trafikk) eller ei parallell linje i høve til dagens veg (konsept parallell veg). Denne planen har gått vidare med konseptet blanda trafikk langs dagens veg, med bakgrunn i m.a. høge byggjekostnader for parallell veg. Linja avvik frå vedtak i KDP, men er innfor KU-delen til KDP.

Det er også sendt søknad om fråvik frå Håndbok N100, desse er knytt til vegtekniske løysingar og er nærmare presentert i planskildringa (kap 9.14). Fråvik er godkjent i brev frå Hordaland fylkeskommune datert 07.03.2019.

Planområde og eksisterande situasjon

Planområdet utgjer ein om lag 15 km lang korridor som strekk seg frå Kolltveit i nord via Skogsvågskiftet til Vorland i sør. Av dette ligg om lag 9 km i Fjell kommune. I tillegg til dette kjem om lag 2,5 km med utbetring av dagens fv 560 over Krossleitet inklusiv kort tunnel. Det regulerte området er omlag 1190 dekar stort.

I hovudsak er vegstrekninga planlagt slik det går fram under. Nærare strekningsvis skildring av planforslaget er gjort i kap. 9.4 i planskildringa.



Figur: Kartutsnitt som viser planlagt vegtrasé for ny fv 560. Brei raud strek er veg i dagen, blå stipla strek er tunnel og grøn strek er bruer. Tynnare strek er lokalvegar som blir regulert som ein del av planen.

Frå Kolltveitskiftet i nord følgjer vegen i hovudsak eksisterande trasé til kryssområde ved Bildøybakken. Her går vegen inn i ny tunnel fram til kryssområde «Fjell festning», sør for Fjell gard. Vegen mellom Fjell gard og kryssområdet ved Fjell festning er også planlagt oppgradert ved å utbetre eksisterande veg frå Leitet på Fjell gard, og lage ny tunnel forbi Krossleitet til kryssområdet ved Fjell festning. Sørøver mot Tellnes og vidare mot Trengereid går planlagt veg i ny trasé, og gamal veg blir lokalveg og avlastingsveg.

Framlegg til plan.

Det er 19 plankart (i Fjell kommune) som fortel og fastset arealbruken. Plankarta er framstilt i 2 vertikalnivå: Vertikalnivå 1 under grunnen og 2 på grunnen.

Planområdet er regulert til følgjande føremål, jf. Plan- og bygningslova (PBL) § 12-5, tredje ledd:

- Bygningar og anlegg
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift
- Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

Det vert regulert inn følgjande omsynssoner jf. PBL § 12-6:

- Sikringssone
- Faresone

Det er vidare regulert inn fleire føresegnsområder (bestemmelsesområde) jf. PBL § 12-7. Dette gjeld m.a. anlegg- og riggområde.

Det er utarbeida reguleringsføresegner, planskildring og ROS-analyse til planen. I tillegg er det utarbeida ei rad rapportar og tekniske dokument som ligg til grunn for planframlegget.

Dimensjonering og vegstandard

Kolltveit - Blommen

Hovudveg frå Kolltveitkrysset til tunnelpåhogg i Blommen er planlagd som 4 felts veg, m.a. for å unngå parallellføring for lokalveg som kompliserer kopling mot nytt kryssområde på Kolltveit.


Krysset ved Bildøybakken er utforma etter prinsippet «halv gaffel», der trafikk til/frå nord er prioritert. Fire-feltvegen vert avslutta i kryss slik at berre to felt gå vidare sørover i tunnel.



Figur: Krysset ved Blommen

Blommen – Fjell festning

Planframlegget inneber tunnel med lengde ca. 2,8 km med profil T10,5 og parallell rømmingstunnel med profil T5,5. Ved utløpet av rømmingstunnelen er det sett av areal til rømming. Lokalvegen mot Fjell gard er lagt via ny linje ved Krossleitet. Ny lokalveg til «Fjell festning» frå Krossleitet-linja er lagt i bru over ny hovudveg.




Figur: Perspektiv mot nord. Til venstre er Krossleitetunnelen, og til høgre er tunnel bak Fjell Festning. I midten ser vi dagens veg forbi Krossleitetjørna.

Fjell Festning - Tellnes

Vegen har H5-profil og T-kryss med venstresvingefelt ved Tellnes. Her er planlagt forbikøringsstrekning mellom pr. 5500 – 6500, der strekninga vert utvida til fire køyrefelt. Dette er den einaste staden som er eigna til forbikøringsstrekning. Her er 2 bruer, over Bårdlitjørna (ca. 380 m lang og fire felt inkl forbikøringsfelt) og over lokalveg til Tellnes (ca. 60 m lang og to felt).

Tellnes - Trengereid

Vegen har H5-profil og rundkøyring ved Trengereid. Strekninga har ei lang frittframbygd bru på ca. 460 meter (over Dalavågen) og ein tunnel på strekket Dalavågen – motorcrossbana på ca. 250 meter (profil T12,5).



Figur: Perspektiv mot nordaust som viser Dalavågen bru.

Trengereid - Skogsskiftet

Delstrekninga er planlagd med gateutforming, tre køyrefelt og fartsgrense 50 km/t mellom rundkøyringa ved Trengereid og rundkøyringa ved Skogsvåg. Alle rundkøyringane her (ei i Fjell og 2 i Sund) er planlagde med ytre diameter 50 m, for å sikre framkome med vogntog. Rundkøyring ved Trengereid har lokal arm til Trengereid / Kallestad og rundkøyring ved Skogsvåg har lokale armar til Hammarsland og Klokkevik.

Fortau/Gang - og sykkelveg

Det er i utgangspunktet ikkje lagt opp til at mjuke trafikantar skal ferdast direkte langs den nye vegen, men bruke lokalvegnettet. Det er venta til dels stor reduksjon i trafikken på eksisterande vegnett og det vil i seg sjølv gje betre tilhøve for mjuke trafikantar.

Der planen legg opp til omlegging / nyetablering av lokalveg, er det lagt inn separat system for GS-trafikk. I stor grad er det brukt total breidde 3,25 meter og 1,5 meter trafikkdelar. Unntaket er området rundt Skogsskiftet er det planlagd med 5,5 meter brei sykkelveg med fortau. Der det ikkje vert planlagd ny lokalveg er det lagt opp til at ein nyttar eksisterande veg, anten det er eige GS-tilbod eller ikkje.

Det er planlagt eit samanhengande tilbod til mjuke trafikantar, med planskilte kryssingspunkt av ny hovudveg. På nokre strekningar der ein ikkje oppgraderer eksisterande veg, vert

tilbudet som i dag, delvis som blanda løysing og delvis som separat løysing. Alle nye og oppgraderte strekningar har separat system.

Kombinert formål samferdsel og anna hovudføremål

Utanfor areala til vegformål er det regulert tilstrekkeleg areal for mellombels rigg- og anleggsområde for å få gjennomført veganlegget. Desse områda kan nyttast til anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gang. Etter avslutta anleggsperiode skal områda i størst mogleg grad setjast i stand slik dei var før inngrepet eller i samsvar med avtale med grunneigar.

Eksisterande reguleringsplanar


Ei rekke reguleringsplanar i Fjell kommune vert råka av planframlegget. Oversikt over gjeldande reguleringsplanar som er relevante for dette planframlegget:

- PlanID 20040006 – Kobbeltveit golf og naturpark (gnr. 33, bnr. 8, 9, 11), del 2
- PlanID 19940107 – 300 kV kraftleidning (Litlesotra – Solsvik)
- PlanID 20070070 – Kolltveit vest, gnr. 33, gnr. 603, 604, 605 m.fl.
- PlanID 20090020 – Blommen, N. Fjell, gnr.58, bnr.94
- PlanID 19980007 – Fjell sentrum (gnr. 56, 57 58)
- PlanID 20070044 – Klyngetun, M. Fjell (gnr.57, bnr.5)
- PlanID 20070043 – Tellnes næringspark (gnr.53, bnr. 109, 110, 113)
- PlanID 20110011 – Stemmegarden, Trengereid (gnr.1, bnr.3 m.fl.)
- PlanID 20090023 – Fv 203 Trengereid – Kallestad, vegutbetring (gnr.1, bnr.2)
- PlanID 19870002 – Skogsskiftet, gnr.1, bnr.61 og del av 5

Utbyggingsrekkefølgje og krav til samtidig opparbeiding (rekkefølgjekrav)

På grunn av den lange strekninga planforslaget utgjer er det truleg at veganlegget vil vert utbygd parsellvis. Planforslaget set ingen krav til utbyggingsrekkefølgje for dei ulike strekningane.

Planlagt veg forbi Krossleitet vil kunne verte etablert før ny lang tunnel bak Fjell gard. Vegen må difor i ein mellombels fase knyte seg til eksisterande veg sør for Krossleitet som vist på figur.



Rekkefølgekrav er viktig for å sikre opparbeiding av dei ulike byggeformåla og for å ivareta mellom anna trafikktryggleik, landskapskvalitetar og naturmangfald før, under og etter anleggsarbeidet.

Det er krav til at naudsynt støyskjerming skal vere etablert før veganlegget vert teken i bruk. Støyskjerming skal ta utgangspunkt i utarbeidd temarapport for støy, og skal detaljerast nærare i byggeplanfasen.

Naudsynt omlegging av vass- og avløpsleidningar, høgspenlinjer, fordelingsnett for straum og for tele-/tv-/datakommunikasjon og liknande skal også vere gjort før veganlegget vert teken i bruk.

Vidare skal handsaming av terreng og tilplanting/tilsåing ferdigstillast samstundes med resten av anlegget.

Støy

Det er utført støyberekningar og støyvurderingar etter støyretningslinja T-1442/2016. Denne retningslinja seier at utgangspunktet både ved etablering av ny verksemd og endring av eksisterande verksemd, er at planen ikkje skal føre til at eksisterande støyfølsame bygningar vert liggjande innanfor det som er definert som gul eller raud støysone i retningslinja.

Støyberekningane viser at det er 30 bustader, 3 fritidsbustader, 1 undervisningsbygg og 1 helsebygg som ligg i gul støyson. I raud støyson ligg det 3 bustader og 2 fritidsbustader. Dei fleste av bustadene og fritidsbustadene ligg i Fjell.

Avbøtande støytiltak må vurderast i byggeplanfase i samråd med grunneigar.

Ein stor del av den nye traseen skal etablerast i område utan bygningar med støyfølsamt bruksformål. Som følgje av utbygginga av ny fv 560 må ein rekne med at bygningar langs eksisterande fv 560 vil få ein betydeleg reduksjon i gjennomgangstrafikken. Utbygginga av ny trasé vil difor totalt sett truleg gje ei betring av støytilhøva ved bygningar med støyfølsamt bruksformål.

I temarapport støy, vedlegg 16 er det tabell over alle bygningane som er utsette for støy.

Kulturminne og kulturlandskap

I konsekvensutgreiinga av kommunedelplanen, hadde den valte linja for ny fv 560 mindre kjente konsekvensar for kulturminner og kulturmiljø. Avmerkingane og avgrensingane av kulturmiljø slik det var gjort i samband med KDP er difor blitt supplert og definert på nytt i planskildringa. Endringane er til dels store. Til dømes er avgrensinga av kulturmiljøet Fjell festning blitt vesentleg større, i hovudsak på grunn av nye innlastingar i Askeladden, nasjonal database for kulturminner.

Generelt sett går store delar av trasé for ny fv 560 i område med få kjende kulturminne – særleg der det er utmark og naturområde. Likevel er landskapet prega av menneskeleg verksemd, først og fremst gjennom tusenårig lang tradisjon med beiting. I utmark og innmark finn ein ferdslavegar, steingardar, torvhus og spor etter uttak av torv. Det er ikkje kjent steinalderbuplassar innafor planområdet. Dette skuldast at slike ligg nær eldre tidars strandlinje. Store delar av planområdet ligg i terreng som ligg høgare enn der ein oftast finn forhistoriske buplassar.


Nærare detaljar om kartlegginga finn ein i kap. 7.4 i planskildringa.

Tunneldriving og tilhøve til freda anlegg Fjell festning

Den planlagde tunnelen bak Fjell gard vil passere under det freda og verneverdige området ved Fjell festning.

Fjell festning er eit militærhistorisk landskap der deler av anlegget er forskriftsfreda.

Sprengingsarbeidet må gjennomførast utan skade på bergrom og konstruksjonar. Avstand frå vegtunnelane til anlegget Fjell festning er ca. 150-200 meter. Avstanden til det historiske sjukehuset er om lag 100 meter.



Figur 12 1: Snitt som viser avstand mellom veg-tunnelane og konstruksjonane ved Fjell festning. Snittet er ved ca. profil 3630.

Terreng, landskap og estetikk

Kommunedelplanen seier at veganlegget skal utformast slik at det tilpassar seg lokale landskapstilhøve på Sotra, og det skal takast omsyn til verdifullt og sårbart landskap. God estetikk skal prioriterast. Sambandet skal gje god reiseloppleving og eit visuelt inntrykk av overgangen mellom innland og kystområde.

Det er utarbeidd ein formingsrettlei for tiltaket, sjå vedlegg 10. Denne gjev retning for vidare detaljprosjektering når det gjeld utforming av veg med tilhøyrande sideareal, revegetering og konstruksjonar.

Friluftsliv, naturområde, born og unge sine interesser

Veganlegget går til dels i terreng som i dag er ubebygd, men som har stiar eller andre ferdselslinjer. Her kan den nye vegen bli ein barriere, og redusere kvalitetane. Elles legg ikkje tiltaket beslag på, eller påverkar areal som særleg er i bruk av born og unge. Det er heller ikkje kjent at tiltaket vil hindre tilgang på areal til friluftaktivitetar, grøntdrag eller rekreasjonsinteresser eller ha vesentlege negative konsekvensar for friluftsliv, leik og rekreasjon. Planforslaget vil gje tryggare ferdsel for mjuke trafikantar på grunn av avlasting på dagens veg. Planen har lagt opp til å oppretthalde viktige tverrforbindelsar, bl.a. mellom Tellnes og Tellnes skule.

Naturmangfald

I samsvar med naturmangfaldslova (nml) skal offentlege avgjerder som gjeld naturmangfald så langt som råd byggja på vitskapeleg kunnskap. Den vitskapelege kjelda for vurdering etter nml er Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning. I planarbeidet er det også nytta viktige informasjonskjelder som artsdatabanken, vann-nett, miljøstatus, rapportar frå tidlegare KU for prosjektet, andre relevante rapportar.

Konsekvensutgreiinga for tema naturmiljø frå 2008 danner grunnlaget for verdivurderingane av verknadane av planforslaget. Sidan denne er gamal og at planområde og tiltaksskildringa av planlagd veg er oppdatert, vil nokon av dei eldre naturområda gå ut, medan nye er henta inn.

Verknadene av planen på naturmangfaldet er vurdert til å vere godt kjende, sjå kap. 10.4 i planskildringa. Det vil verte nytta avbøtande tiltak, men naturmangfaldet vil likevel verte påverka.

Med unntak av moglege hekkeførekomsstar av hubro, er det vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisetjinga av dei ulike kategoriane av naturmiljø er tilstrekkelege. Vurdering av omfang (verknader) og konsekvensar er utført i KU-rapportane og delvis også her, og er og vurdert som tilstrekkelege. Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget for verdisetjinga og konsekvensvurderingane av dei ulike kategoriane av naturmangfald er tilstrekkelege og difor kjem truleg ikkje føre-var-prinsippet til bruk.

Samla belastning i høve til nml § 10 er summen av påverknad både frå dette tiltaket, men og frå eksisterande påverknad og eventuelle framtidige tiltak. Eksisterande påverknad på naturmangfald i område her er avrenning frå vegar, forstyrring frå busetnader og muleg noko frå kraftleidningar. Det er ikkje kjend andre typar inngrep og framtidige tiltak eller påverknadsfaktorar som vil gjeva ein auka samla belastning, anna enn at ny veg truleg kan føra til auka byggepress og på den måten auka samla belastning.

Tiltakshavar skal dekkja kostnadane ved å hindra eller avgrensa skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar, om dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter.

Tiltakshavar er forplikta til å bruka teknikkar og driftsmetodar som er mest muleg optimale i høve til naturmiljø, økonomiske høve og samfunnsmessige høve. I dette ligg og plikta til å vurdera alternative plasseringar av deponi- og riggområde. Dette betyr at tiltakshavar må ta omsyn til dei områda som er omtalt som verdfulle ved val av kva område som skal nyttast til ulike formål. Vidare bør vegframføringa bli så arealminimerande som mogleg i registrerte naturområde. Det same gjeld for plassering av riggområde og anleggsvegar. Det vil og vere naturleg å hindra partikkelspreiing og kjemikaliar frå anleggsarbeidet i vassførekomstane, samt utforma kulvertar slik at fisk og mindre pattedyr kan vandre under vegen langs vasstrengen.

Avbøtande tiltak kan hjelpe å minimere eller redusere negative verknadar av tiltaket. Dei må fylgjast opp i vidare detaljplanlegging og Ytre Miljøplan. Det er i planføresegnene sikra at tiltak og retningslinjer i YM-planen skal følgjast.

ROS-analyse

ROS-analysen avdekkar 6 risikotilhøve som er vurdert med tanke på årsaker, barrierar, risikovurdering og framlegg til tiltak.

Spesielle avbøtande tiltak for dei aktuelle hendingane er innarbeida i planframlegget eller i varte teke i lovverket. I ROS-analysen er det utgreidd for korleis reguleringsplanen tek omsyn til risikoen for dei aktuelle hendingane i planområdet og korleis den førebygger negative konsekvensar for liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar.

For naturgjevne forhold er veganlegget og rammene for bygging og ferdig anlegg med sideareal optimalisert for å redusere risikoen for farlege hendingar og for skade på natur, kulturminne og friluftsliv. Fare for hendingar knytt til sjølve veganlegget enten det er knytt til bruken (til dømes ulukker) eller korleis bruken påverkar omgjevnadane (til dømes støy og forureining), vil ny veg betre situasjonen i høve dagens veganlegg fordi lokaltrafikken vert skilt frå gjennomfartstrafikken, vegstandarden vert sikrare og avstanden til busetnader vert lengre.

Sjå elles ROS-analysen som er eit eige vedlegg.

Erverv av grunn- og andre eigedomar

Det er mange eigedommar som vert råka av reguleringsplanen. For gjennomføring vil det vere naudsynt med eigedomsserverv.

Planforslaget fører til at fleire bygg må rivast for å få gjennomført veganlegget. Etter offentleg ettersyn og endringar er det til saman 4 bustadhus, 3 fritidsbustader og 19 andre bygg som må rivast. Desse bygga er vist med kryss over i plankartet.

Oversikt over bustadhus og fritidsbustader som må rivast, alle i Fjell kommune:

- Bustad på gnr 56, bnr 12 Søre Fjellavegen 33 med tilhøyrande garasje vil kome i konflikt med planlagt vegtrasé (nærføring).
- Fritidsbustad på gnr. 53, bnr. 83, Tellnesvegen 6 kjem i konflikt med planlagt vegtrasé.
- Bustad på gnr. 53, bnr. 28, Tellnesvegen 61, med tilhøyrande garasje. ligg midt i planlagt vegtrasé aust for Tellnes skule.
- Bustad på gnr. 1, bnr. 73, Søre Fjellavegen 686 med tilhøyrande mindre bygg ligg i konflikt med nytt vegtiltak.
- Fritidsbustad på gnr. 1, bnr. 51, Søre Fjellavegen 698 med tilhøyrande uthus ligg direkte i konflikt med planlagt ny fv. 560.
- Bustad på gnr. 1, bnr. 5, Søre Fjellavegen 735 ligg direkte i konflikt med planlagt omlegging av lokalveg.
- Fritidsbustad på gnr. 1, bnr. 37, Trengereidvegen 29 ligg i konflikt med planlagt vegfylling

Offentleg ettersyn:

Planframlegget vart første gong handsama i komité for plan og utvikling i sak KPU.96/18, og lagt ut til offentlig ettersyn i tida 14.12.2018 - 1.2.2019.

Ved utløpet av høyringsperioden har 9 offentleg instansar gjeve attendemelding. Ingen av desse inneheld varsel om motsegn.

Det kom inn 21 private merknader til planframlegget, nokre har sendt inn fleire uttaler under vegg. Det har også vore gjennomført ei enkel avgrensa varslings av dei mest vesentlege endringane eller justeringane som er gjort i planframlegget på Fjell gard, etter offentleg ettersyn. I samband med denne varslings kom det inn to merknader.

Dei offentlege uttalene er i hovudsak meir generelle enn dei private, både når det gjeld geografisk område og problemstilling. Dei er gjennomgåande positive og har ikkje vesentlege merknader til planen, sjølv om fylkeskommunen vurderer finansieringa av prosjektet som krevjande og usikker.

Dei private uttalene varierer frå ønskje om betre/andre løysingar på eller forbi eigen eigedom, og til advokat/konsulentuttaler på vegner av private grunneigarar.

Dei fleste merknadene gjeld planen for utbetring av vegen på søre Fjell gard og tunellen under Krossleitet. Merknadsskrivarane m.a. Fjell Grendalag og bebuarar i området er kritisk til at det er planlagt opprusting av eksisterande veg på Søre Fjell med tunell under Krossleitet. Dei ønskjer at den lange tunellen frå Blommen til Krossleitet må prioriterast og at den korte tunellen under Krossleitet ikkje må realiserast. Rådmannen vil peike på at begge alternativa kan byggjast uavhengig av kvarandre og at det vere eit politisk val kva ein vil prioritere og kva rekkefølge tiltak skal gjennomførast.

I mange av merknadene tek ein opp problem med aukande støy frå vegen og at ein ønskjer at det vert etablert støytiltak.

I høve til støy så skal tilrådingane i «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442 (2016), følgjast, så lenge det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte-vurderingar. Eventuelle avbøtande støytiltak vil verta vurdert i byggeplanfase i samråd med grunneigar.

Fylkeskommunen og Museum vest m.fl. er mellom anna oppteken av at vegplanlegget fører til fjerning av to fangeleirar frå 2. verdskrig, begge ved Krossleitet.

Ein er merksam på restane etter fangeleirane frå 2. verdskrig og desse er godt kartlagt og registrert. Ein vil så langt det er mogleg ta omsyn til desse. Dokumentasjon slik det vert bede om er sikra gjennom reguleringsføresegnene § 10.7.

Forvaltningsstyret – planutvalet i Sund og Statens vegvesen har merknader til linjeføringa i området frå Tellnes næringspark til krysset på Trengereid. Dei er vorte kjend med at Tellnes skule er nedlagt og ønskjer difor at ein endrar linjeføringa på nemnde strekning.

Etter rådmannen sitt syn er det viktig å få vedteken reguleringsplanen for fv 560 no. Dersom nye alternativ forbi Tellnes skal utgreiast så vil det medføre ei utsetting på bortimot eit år. Ein vil difor ikkje gjere framlegg om endringar i planen på noverande tidspunkt, men at alternativa løysingar for veg forbi Tellnes vert arbeid vidare med, med tanke på ei evt framtidig reguleringsendring her.

Nokre av merknadene går på ønskje om fleire/andre/betre tilkomst til landbruks- og næringsseigedomar som får endra tilkomst tilhøve som følgje av vegplanane.

Rådmannen vil peike på at ein har prøvd å sikre god tilkomst til både landbruks- og næringsseigedomar så langt det er mogleg. Ein har likevel ikkje kunne stette alle ønskjer som er teken opp. Fv 560 er ein høgtrafikkert veg, og vegnormalane og omsynet til trafikktryggleik avgrensar kva som har vore mogleg å få til.

Ei kort oppsummering av innkomne merknader og rådmannen sine vurderingar av desse går fram av matrise som er vedlagt saka. Merknadene ligg og som vedlegg til saka.

Oppsummering av dei viktigaste endringar etter offentleg ettersyn:

Plankartet:

- Ved Leite på Fjell gard er veglinja justert og forlenga mellom profil 2100 – 2410 m.a. for å skape større avstand til driftsbygning på 56/5, samstundes som vegen får betre linjeføring.
- Det vert regulert mur på vestsida av vegen mellom profil ca 2300 til 2380 for å redusere tap av landbruksjord.
- Busslomme for nordgåande trafikk i same området er flytta attende til dagens plassering.
- Einebustaden på gnr 56/12, som vegutbetringa får store konsekvensar for, er føresett innløynt i samsvar med ønskje frå eigar.
- Sørgåande busslomme som er regulert nord for f_SKV 14 på søre Fjell er flytta omlag 100 meter lenger nord og vert liggjande på eksisterande vegareal.

Reguleringsføresegnene:

- Ordlyden i § 1.6 Plan for ytre miljø, er endra og tilhøvet til Fjell festning er presisert.
- Ordlyden i § 10.7 og 7.10.2 er justert i samsvar med merknad frå Hordaland fylkeskommune.
- Det er lagt inn ei ny føresegn § 10.11 som sikrar at det kan etablerast landbruksundergang på bnr 1 på Tellnes og at nøyaktig plassering skal avklarast i byggeplan.
- Det er lagt inn ei ny føresegn § 10.12 knytt til arealformål BN1 (på gbnr.56/61) om opparbeiding etter endt anleggsperiode.
- Paragraf 7.2.1 er gustert etter endringar i plankartet ved Leite på Fjell gard.
- § 7.2.2. utgår etter justering av planen ved Leite på Fjell gard.

Planskildringa er oppdatert og utdjupa på einskilde punkt samstundes som den er justert i samsvar med endringane som er gjort greie for ovanfor.

Vurdering:

Planframlegget legg til rette for utbygging av ny fylkesveg mellom Kolltveit og Vorland i Sund kommune. Den nye vegen vil avlaste dagens fylkesveg, som i framtida vil verte nytta av lokaltrafikk i området.

Den nye vegen vil vere eit heilt nytt samferdsleanlegg med heilt andre og betre kvalitetar enn det ein til no har vore vane med, noko som vil kome alle innbyggjarar i denne delen av nye Øygarden kommune, andre reisande, næringslivet med vidare til gode. Vegen vil vere med på å auke potensialet for ei god samfunnsutvikling som ikkje berre er fokusert på samferdsle, men også områdeutvikling i søre deler av den nye kommunen.

Sotrasambandet skal sikre langsiktig gode kommunikasjonstilhøve og transportkorridor mellom kommunane Sund, Fjell og Øygarden, samstundes som det sikrar god tilknytning til fastlandssambandet mot Bergen. Den nye fv 560 frå Kolltveit til Vorland inngår som del av dette arbeidet, og vil bidra til eit tryggare og meir effektiv transport i søre delen av Sotra. Dagens veg vert ein del av lokalvegssystemet til skule og bustadområde. Det er venta at gjennomføring av planen vil redusere risiko for trafikkulukker, og at trafikktryggleiken vert betre enn i dag.

Planframlegget vil etter rådmannen si vurdering legge til rette for å styrke løysingar for kollektivtransport. Med ny fylkesveg vil ein skilje lokaltrafikk frå gjennomgangstrafikk, bortsett frå i området ved Skogskiftet. Ein får moglegheit for at ekspressbussane kan køyre

den nye vegen, medan lokale bussruter vil kunne gå på eksisterande vegnett. Ein vil slik få eit betre kollektivtilbod både for lokale reisande og for gjennomgangsreisande.

Det er stor samfunnsinteresse knytt til å få eit raskt og effektivt samband sør – nord på Sotra. Tiltaket er venta å gje reduksjon i gjennomgangstrafikk i tettstaden Fjell, når det er fullt utbygt. Det vil også gjere trafikktilhøva tryggare for mjuke trafikantar langs dagens veg. Det er likevel grunn til otte for korleis trafikksituasjonen gjennom Fjell gard vil utvikle seg med omsyn til framtidig auke i gjennomgangstrafikken. Dette kjem tydeleg fram i merknader og innspel frå m.a. dei som bur i området. Rådmannen vil peika på at det er viktig at det i tida før den lange tunellen bak Fjell gard vert realisert vert gjort naudsynte tiltak for å redusere desse ulempene og for å ivareta trafikksikkerleiken i området.

Dei største negative verknadene av tiltaket er knytt til kulturminner, naturmangfald og inngrep i kystlandskap. Veganlegget fører mellom anna til fjerning av to fangeleirar frå 2. verdskrig. Planen set føresegnar som sikrar undersøking og dokumentasjon av historia før leirane vert fjerna. Det er lagt inn føringar og tiltak som skal sikre gode rutinar for å unngå skade på det freda festningsanlegget Fjell festning.

Samla vurdering av veganlegga

Planframlegget legg til rette for å for å kunne etablere ei rask, effektiv og trafikksikker trafikkbane frå Sund til Kolltveit og vidare til Ågotnes og Bergen. Det er eit av måla med det nye vegsystemet. Med ein ny og betre veg vil lokaltrafikk og næringstrafikk vert skilt. Det vert god kapasitet på vegane og tilhøva for næringstrafikken vert monaleg betre.

Det er særleg person- og næringstrafikken frå søre deler av Sotra krev en ny veg av god standard. Dei samfunnsmessige fordelane ved å få ein ny veg av god standard, samt ringverknadene det kan få for næringsaktivitet og attraktivitet for busetting vert vurdert som større enn dei negative konsekvensane av planframlegget. Dei negative verknadene er enten ikkje av vesentleg karakter, eller vert imøtegått med kompenserande tiltak som registrering og dokumentasjon.

Etter rådmannen sitt syn vil vegane mot nord og sør vere særskilte viktige samanbindingsvegar i den nye store kommunen vest for Bergen.

Kostnader

Det er store kostnader knytt til realisering av det planlagde veganlegget og rådmannen vil peika på at sør – nord vegane på Sotra, fv 560 og fv 561 har fått prioritet 1 i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet som fylkeskommunen ser det som særskilt viktig å ruste opp i neste 12 årsperiode. Fylkeskommunen vurderer likevel finansieringa av prosjektet som krevjande og usikker. Prosjektet er ikkje prioritert eller omtalt nærare i RTP og tilhøyrande investeringsprogram, men fylkeskommunen som veigar er open for dialog rundt vidare vurdering av prioritering og rekkjefølgja av aktuelle byggjetrinn. Dette ser rådmannen som positive signal som både politisk og administrativ leiing i nye Øygarden kommune må følge opp.

Det vil truleg vere naudsynt med ei oppdeling av dette vegsambandet i utbyggingsetappar, slik at ein kan får realisert dei deler av prosjektet som det er viktigast å få gjennomført på kort sikt. Rådmannen vil tru at t.d. realisering av den lange tunnelen bak Fjell Gard ligg noko fram i tid, sjølv om denne med bakgrunn i alle merknadene, bør prioriterast høgt.

Nye Øygarden kommune, må i tida framover arbeide aktivt og målretta for å få på plass ei finansieringsløyving for opprusting/bygging. Kostnadene vil som sagt verte høge og rådmanen reknar med at tiltaka truleg må delfinansierast med bompengar.

Terrengtilpassing

Det nye veganlegget vil vere eit stort inngrep i urørte område. Rådmannen er difor nøgd med at planframlegget legg stor vekt på landskapstilpassing, kvalitet og heilskap. Vidare at det nye veganlegget skal utførast slik at det vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng og områda rundt, og at eksisterande vegetasjon så langt det er mogleg vert teken vare på.

Ein må vere klar over at vegkrysset i Blommen og brua over Dalavågen er store anlegg som vil prege både landskapet og nærmiljøa.

Vegen vil føre til nokre store terrenginngrep, men krav til overgangar og bearbeiding vil redusere den negative verknaden av terrenginngrepa når det har gått eit stykke tid.

Formingsrettleiaren som er utarbeidd for utforming av konstruksjonar, sideareal og revegetering vil vere rettleiande for den vidare detaljprosjekteringa. Formingsrettleiaren er etter rådmannen viktig for heilskapen i området.

Oppsummering

Rådmannen har prøvd å gjere saksopplysningane i denne saka mest mogleg informative.

Saksframstillinga er difor vorte heller omfattande. Det er likevel slik at det er mykje om informasjon om planane som det ikkje har vore mogleg å inkludera i saka, og som ein må gå til det omfattande planmaterialet for å finne svar på.

Planframlegget svarar på målsettingane i KDP frå 2009 og rådmannen vil avslutningsvis trekke fram nokre sentrale punkt:

Planen legg til rette for betre framkomme, den styrkar trafikktryggleik, og den vil avlaste sekundærvegane.

Realisering av vegprosjektet vil vere avgjerande for vidare utvikling av næringsaktivitet i søre delen av Sotra og å gjere denne delen av Sotra til ein enno meir attraktiv stad for bustadbygging.

Dei samfunnsmessige fordelane ved å få ein ny veg av god standard, samt ringverknadene det kan få for næringsaktivitet og attraktivitet for busetting vert vurdert som større enn dei negative konsekvensane av planframlegget.

Samla sett meiner rådmannen at planframlegget som no er til slutthandsaming, presenterer eit samferdsleprosjekt med høg kvalitet for alle trafikantgrupper. Når det står ferdig bygd, vil det bety ein heilt anna tryggleik og mykje betre framkome for dei som skal ferdast her.

Rådmannen har ikkje funne grunnlag for innvendingar mot reguleringsplanen slik den no ligg føre, og tilrår at planen vert vedteke med dei endringane som er innarbeidd i planen og føresegnene. Endringane er gjort i samråd med Statens vegvesen og endrar ikkje hovudføremål eller intensjonar med planen. Så langt ein kan sjå, er føresetnaden for å nytta eigengodkjenning i samsvar med §12-12 i plan- og bygningslova til stades.